

Ordførar  
Heldis ✓

17.11.1984.

MØTEBOK

for Meland formannskap  
sak nr. 183 i møte den 17. november 1984.  
Av 7 medlemer var 7 til stades.

Kulturpris i Meland.  
A.nr. 25

Rådmannen 06.11.1984:

Sakstilfang: Særutskrift av sak nr. 110/84 i Meland kulturstyre.

Kulturstyret har vedteke følgjande retningsliner for utdeling av kulturpris i Meland:

1. Meland kulturstyre kan årleg dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar med tilknyting til Meland kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortenestfull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen gjennom lengre tid, eller for gagnleg einskildtiltak innafor det utvida kulturomgrepet.
3. Utdelinga skal lysast ut i lokalpressa med høve til å koma med skriftleg framlegg til kandidatar. Framlegga skal vera grunngjevne. Også medlemer i kulturstyret kan koma med framlegg.
4. Kulturstyret tek avgjerd om kven som skal få prisen. Kulturprisen kan delast på fleire dersom kulturstyret finn dette rett. Kulturstyret kan avgjera at prisen ikkje skal delast ut eit år. Kulturstyret er ikkje bundne av innkomne framlegg.
5. Kulturprisen skal vera ein spesiell kunstgjenstand, som skal kunne nyttast ved alle prisutdelingar. I tillegg vert det gjeve ein pengesum etter nærmare vedtak.
6. Retningslinene skal vedtakast av Meland kommunestyre.

Framlegg til vedtak:

"Kommunestyret godkjenner retningsliner for tildeling av kulturpris i Meland, slik dei ligg føre."

Samråystes formannskapstilråding:

Rådmannen si tilråding vart vedteken.